

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Akersgata 59

0180 OSL

Dato
LEIKANGER, 19.08.2019

Svakast breibanddekning - størst reduksjon i støtte frå staten!

Regjeringa har sett som mål at 90 prosent av husstandane skal ha tilbod om breiband med minimum 100 Mbit/s innan 2020.

Tilskotsordninga skal bidra til at alle husstandar i Norge får eit breibandtilbod av god kvalitet. Den offentlege støtteordninga skal finansiere breibandutbygging i område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut breiband.

Årets fordeling av breibandmidlar er basert på ein matematisk modell der tal husstandar med tilbod under 10 Mbit/s og tal husstandar med xDSL mellom 10-30 Mbit/s blir prioritert. Fordelingsmodellen tek, etter det vi forstår, ikkje omsyn til om det er kommersielt lønsamt å bygge ut breiband i desse områda, eller kva utbygginga vil koste per husstand. Vi stiller og spørsmål ved om tala ein fordeler midlane etter er korrekt for vårt fylke.

Sogn og Fjordane er blant dei fylka med dokumentert svakast breibanddekning både for fastnett og mobilnett. Dette er dokumentert gjennom fleire ulike kartleggingar, rapportar og målingar, blant anna

- Rapporten «Bredbåndsdekning 2018¹», utarbeidd av analyseselskapet Analysys Mason for Nkom i september 2018, viser at Sogn og Fjordane har ei breibanddekning på 65 prosent for 100Mbit/s, tredje svakast i Norge. Vi kjem og dårlegast ut når det gjeld dekning på skular og andre kommunale og fylkeskommunale institusjonar.
- SSB si måling for 4.kvartal 2018² syner at fylket har nest dårlegast snittfart på privat breiband med 69,3 Mbit/s. I 2018 var snittfart på privat breibandabonnement i Norge over 100 Mbit/s.
- Ekomstatistikken³ publisert av Nkom 6.mai 2019 viser at Sogn og Fjordane har den dårlegaste befolkningsdekning for mobildata over 4G med 92,5 %, medan Norge totalt har 99,9 prosent befolkningsdekning.

Trass i godt dokumentert status er vi og den største taparen i årets tildeling av statlege breibandmidlar. Sogn og Fjordane fekk 3,97 prosent av årets tildeling på kr. 249.750.000

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore i kontakt med dei tre største breibandtilbydarane i fylket og fått ei oversikt over tal abonnentar som i dag får levert breiband over kopar (xDSL), Telenor si varsla sanering av koparnettet innan 2023 berører alle leverandørarar som tilbyr xDSL over Telenor sitt koparnett. 20362 kundar har pr juni 2019 eit xDSL abonnement.

WiMax frå Telenor er eit utgåande produkt som ikkje lenger vert tilbydd i markanden, men som har 228 abonnentar i Sogn og Fjordane fylke.

Radiobaserte nett er ofte eldre løysingar som vart etablert der ADSL ga for dårleg kapasitet eller ikkje kan tilbydast. Leverandørane opplyser at mange radiobaserte nett er gamle og må skiftast ut innan kort tid. Reknar vi med desse har 21 748 abonnentar breiband over «gammal teknologi».

¹ Dekningsrapport https://www.nkom.no/aktuelt/nyheter/_attachment/36433?_ts=16610bddd12

² Internettmålinga SSB <https://www.ssb.no/teknologi-og-innovasjon/faktaside/internett-og-mobil>

³ Ekomstatistikken https://ekomstatistikken.nkom.no/#/article/mobildekning_2018

Opplysningar frå Telenor viser at 20 402 abonnentar i Sogn og Fjordane må flyttast over til anna tekniske løysing innan 2023. Dette må vere et langt høgare tal enn det Nkom/KMD har operert med i fordeling av breibandmidlar for 2019. Tek vi med WiMax og gamle radioløysingar er talet 21748 abonnentar.

Leverandørane opplyser at enkelte xDSL abonnentar har tilbod om raskare teknologiar, men ikkje benytta seg av dette tilbodet. Vi har ikkje lykkast i å finne kor mange abonnentar dette gjeld, men også når det gjeld husstandane sitt høve til å velje mellom ulike aksessteknologiar kjem vårt fylke dårlegast ut, jf. Nkom sin dekningsanalyse 2018, kap 4.1.2.

I tillegg til desse kjem dei som i dag berre har tilgang til mobilt breiband og husstandar som heilt manglar eit tilbod.

Forslag til fordeling av breibandmidlar for 2020

- Midlane vert fordelt etter siste dekningsrapport frå Nkom/KMD
- Husstandar med svakast dekning vert prioritert.
- Alle teknologiar vert likestilt
- Fordeling er open av transparent og i tråd med ESA sin retningslinjer

Med helsing

Jan Heggheim

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Tabellen under viser fordeling av breibandmidler i 2019


Støttebeløp per fylke 2019

Fylke	Ordinær tildeling		Ekstra tildeling		Samlet 2019
	Fordeling 2019	Støttebeløp	Fordeling	Støttebeløp	
Akershus	7,21 %	kr 14 402 156	8,75 %	kr 4 373 232	kr 18 775 388
Aust-Agder	3,64 %	kr 7 273 028	3,50 %	kr 1 748 365	kr 9 021 394
Buskerud	4,03 %	kr 8 040 161	3,65 %	kr 1 824 885	kr 9 865 046
Finnmark	3,45 %	kr 6 885 616	0,24 %	kr 118 258	kr 7 003 874
Hedmark	10,12 %	kr 20 206 891	14,33 %	kr 7 162 732	kr 27 369 623
Hordaland	4,23 %	kr 8 445 422	4,70 %	kr 2 348 931	kr 10 794 353
Møre og Romsdal	6,97 %	kr 13 923 244	6,58 %	kr 3 288 040	kr 17 211 283
Nordland	12,67 %	kr 25 303 741	9,66 %	kr 4 830 033	kr 30 133 774
Oppland	5,53 %	kr 11 054 415	8,05 %	kr 4 023 095	kr 15 077 510
Oslo	0,00 %	kr -	0,00 %	kr -	kr -
Rogaland	3,86 %	kr 7 717 245	4,20 %	kr 2 098 502	kr 9 815 747
Sogn og Fjordane	4,18 %	kr 8 348 974	3,17 %	kr 1 583 731	kr 9 932 705
Telemark	3,08 %	kr 6 160 784	1,84 %	kr 920 558	kr 7 081 342
Troms	4,93 %	kr 9 844 878	2,13 %	kr 1 066 642	kr 10 911 520
Trøndelag	17,67 %	kr 35 299 031	19,18 %	kr 9 588 183	kr 44 887 215
Vest-Agder	4,17 %	kr 8 324 606	4,67 %	kr 2 335 018	kr 10 659 625
Vestfold	0,95 %	kr 1 891 869	1,27 %	kr 635 348	kr 2 527 217
Østfold	3,32 %	kr 6 627 938	4,11 %	kr 2 054 445	kr 8 682 383
Norge totalt	100,00 %	kr 199 750 000	100,00 %	kr 50 000 000	kr 249 750 000

Tabellen under viser tal abonnentar på fasttelefon, xDSL frå Telenor, xDSL frå andre leverandørar, radio frå Eninvest og Soggenett samt WiMax frå Telenor.


Kommune	Fast Telefoni	xDSL Bredbånd	xDSL andre tilbydere	Radionett fra Eninvest og Soggenett	WiMax Telenor
ASKVOLL	441	446	261	52	
AURLAND	322	236	42	19	
BALESTRAND	161	247	53	50	
BREMANGER	543	713	104	10	
EID	704	1252	135	100	
FJALER	357	576	65	16	
FLORA	1111	1244	493	52	
FØRDE	969	879	777	45	
GAULAR	296	352	52	3	
GLOPPEN	839	880	640	27	
GULEN	424	357	313	217	
HORNINDAL	145	194	0	0	
HYLLESTAD	220	185	265	46	
HØYANGER	622	869	376	52	
JØLSTER	236	159	129	49	
LEIKANGER	219	231	26	1	
LUSTER	545	878	0	76	
LÆRDAL	283	126	58	6	
NAUSTDAL	271	454	107	47	
SELJE	489	678	23	1	
SOGNDAL	676	1135	219	79	
SOLUND	156	42	69	7	
STRYN	701	1071	462	3	
VIK	362	235	136	98	
VÅGSØY	908	1083	364	62	
ÅRDAL	587	711	0	0	
SUM	12587	15233	5169	1118	228

Figuren under viser andel husstander med tilbud om 100 Mbit/s nedstrøms kapasitet




Kjelde Nkom dekningsrapport 2018

Figuren under viser snittfart på privat breiband.⁴



Kjelde: SSB

Figuren under viser mobil befolkningsdekning ved utgangen av 2018. Uten 450 MHz



Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Kjelde: Ekomstatistikken

